

Invitasjon til ein kveld med temaet:

" Korleis vil vi at landbruket i Sykkylven skal vere om 20 år? Om 50 år?"

Dato: Torsdag 4. februar

Tid: kl. 19.30

Stad: Kulturhuset Sykkylven

Program:

Kl. 19.30: Velkommen v/ Ingrid van der Velde
prosjektleder Økoløft
Kl. 19.40: Innlegg v/ professor Reidar Almås
Kl. 20:45: Gruppearbeid
Kl. 22.25: Oppsummering
Kl. 22.30: Takk for no

Professor i bygdesosiologi

Reidar Almås (66) er utdanna sosiolog frå universitetet i Bergen og vart doktor philos på ei avhandling om samdrift i landbruket i 1980. Almås har publisert ei rekkje bøker, mellom andre Norsk jordbruk - det nye hamskiftet (1977), Bygdesosiologi (1985), Bygdeutvikling (1995) og Norges landbrukshistorie (2002). Han er professor i bygdesosiologi og regionalpolitikk ved NTNU i Trondheim, der han har bygd opp Norsk senter for bygdeforskning. Gjekk av som dagleg leiar i Bygdeforskning hausten 2007. Han vart vald som president i IRSA, den internasjonale foreininga for verdas bygdesosiologer i juli 2008 og skal leie IRSA i perioden 2008-2012.



Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Velledalen i Balanse, landbrukskontoret, Økoløftprosjektet og samfunnsplanleggaren ønskjer i eit samarbeid å få produsentane i Sykkylven i tale. Vi inviterer difor alle aktive og potensielt aktive bønder i kommunen til ei idémyldring om framtida i landbruket i Sykkylven.

Vi trur at nokre sentrale spørsmål vert:

- Kva skal bønder i Sykkylven satse på?
- Kva er viktig for å vere / bli bonde
- Kva er mest spennande av nye utfordringar for landbruksnæringa?

På baksida av arket ser du spennande tankar og idéar som blei nemnt i eit planleggingsmøte.

Det betyr ikkje at møtet vi inviterer til no er låst på førehand. Kom gjerne med innspel i debatten! Det er der plass til!

Utvikle stølen:
- stølsturisme
- levande støl

Kva slags produkt vil landbruket utvikle i Sykkylven?

Avgift på bruk av dyrka jord til anna formål enn matproduksjon

Større einingar
- samdrifter
- turnus

?

Kvernhus
Foredling av korn

Kan vi få den fyrste norske økologiske kommunen?

Utvikling i norsk landbruk kan vere total annleis enn vi ser for oss i dag knytt til energi- og råstoffsituasjonen. Korleis bør vi førebu oss på eit slikt alternativ?

Direkte innsprøyting av husdyrgjødsel i jorda
Kost – nytte –

Skal vi klare å ha eit livskraftig landbruk i framtida - må vi vere i forkant heile tida - skape ein arena for ei slik utvikling

Fellesbeite ved økologisk drift

Hjorteoppdrett
- alpakka
- struts

Korleis kan økobønder og konvensjonelle bønder samarbeide?

Strategi for ledige gardsbruk, garden ved generasjonsskifte

Skogbruk:
- flisproduksjon
- vedproduksjon
- sagbruk

Turisme i alle former

Ressursbruk:
• flis
• pellets
• biogass

Korleis kan vi bruke areal som ikkje er i bruk no?

Korleis tene meir pengar?

Det å ha eit anna yrke i tillegg til bondeyrket. Problem eller utfordring?

Korleis kan vi støtte ein ny bølge med unge bønder som startar opp drift?

?

Kan garden og grenda vere sjølvforsynt med energi i 2020?

Korleis kan vi få fleire kundar i Sykkylven?

Turisme – jakt – pris utnytting
Kvart hjorteløyve har ein stor verdi dersom det vert nytta på rette måten

?

Gardsmat
Lokal mat

Gardsbryggeri

Korleis kan vi sikre mjølkeproduksjonen?